

┌
Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

└

REF.
2009/00739

VÅR REF.
12/240-1 AMV

DATO
19.09.2012

Høringsfråsegn om vedtektsendringar og normeringsfullmakter for Språkrådet

Vi viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet 25. juni 2012 og sender med dette merknadene vi har til forslaga. Denne fråsegna byggjer på drøfting i fagrådet for normering og språkobservasjon i Språkrådet, personalmøte i sekretariatet i Språkrådet og drøfting i styret 5. og 17. september 2012.

Høyringsbrevet er utfyllande og klargjerande. Språkrådet har ingen overordna merknader til saksframstillinga.¹ Vi sluttar oss til endringsforslaga frå departementet med dei merknadene som kjem fram nedanfor.

Forslaga til klargjering av normeringsfullmakter og vedtektsendringar inneber at Språkrådet vil spele ei avgjerande rolle i arbeidet med normering av norsk bokmål og nynorsk, og at Språkrådet får nokre vidare fullmakter enn Norsk språkråd hadde. Dette tykkjer vi er svært positivt. Språkrådet er organisert slik at mykje og allsidig kompetanse står til rådvelde i dei aktuelle spørsmåla. Det bør sikre eit godt grunnlag for avgjerd.

Ein institusjon vil som regel ynskje stor innverknad på sitt eige arbeidsfelt. Innanfor rammene for ei offentlig og folkestyrt forvaltning gjeld dette også Språkrådet. Endringsforslaga legg til grunn at det er eit klart behov for at Språkrådet utøver godt språkpolitisk skjønn i ein del einskildsaker. I høyringsdokumentet diskuterer ikkje departementet om det kunne vere aktuelt å gå endå lenger i delegert mynde enn det forslaga no inneber. Språkrådet ville nok ha takka ja også om grensesnittet mellom fagleg vurdering og politisk

¹ Til avsnitt 3, «Korleis saka er førebudd», vil vi gjerne gjere merksam på ein noko misvisande omtale av fagrådet for normering og språkobservasjon. Der heiter det: «Fagrådet ønskte i utgangspunktet å ha fullmaktene for seg sjølv, mens styret i tilslutning til kommentarane frå direktøren meinte at den endelege avgjerda burde liggja i styret, ikkje i fagrådet» (s. 4). I eit notat til departementet frå 2008 formulerte fagrådet seg slik, i samband med dei fullmaktene Norsk språkråd hadde: «Fagrådet for normering og språkobservasjon vil be styre og departement vurdere om fagrådet bør få delegert same fullmakt i framtida.» Fagrådet har overfor styret presisert at dette ikkje var meint som eit ynske om fullmakter til fagrådet, berre som eit ynske om avklaring. Fagrådet har også fleire gonger seinare gjeve uttrykk overfor styret for at det viktige for fagrådet er at fullmakter og saksgang blir avklara, og ikkje kvar fullmaktene ligg.



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

skjønn hadde vorte definert slik at endå meir avgjerdsmynde vart lagt til Språkrådet, men vi fremjar ingen slike forslag no.

Rettleiing og rådgjeving innanfor nynorsk og bokmål

I § 3 fjerde ledd heiter det i forslaget:

«Som eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å finna fram i valfridommen i rettskrivinga, kan Språkrådet i høveleg form utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleiingsmateriell som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene.»

Utgangspunktet for dette forslaget er det spørsmålet styret tok opp i vedtaket det gjorde om 2012-normalen for nynorsk 20. mai 2011. Eit samla styre peikte på at nynorsk med 2012-normalen ville få eit tydelegare og enklare rettskrivingssystem på linje med bokmål. Denne normalen er eit tilbod til alle som ynskjer å skrive korrekt nynorsk og gjeld for alle som pliktar å skrive innanfor ein normal. Brukssituasjonen for bokmål og nynorsk er likevel svært ulik. Eit fleirtal i styret gjekk derfor inn for at Språkrådet skulle utarbeide ei tilrådd norm. I saksførelegget heitte det at denne «skal vere ope tilgjengeleg og eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan også gjere det lettare for privatpersonar å finne sin nynorsk. Formelt representerer ikkje dette eit nytt tonivåsystem, og det skal heller ikkje vere slik at Språkrådets tilrådde norm er rettare eller betre nynorsk enn andre husnormer.» I vedtaket, gjort med fem mot to stemmer, heiter det at denne «norma blir eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan gjere det lettare for mange privatpersonar å skrive regelrett og stilsikkert».

Styret valde å knyte dette til behandlinga av 2012-normalen. Departementet valde å skilje ut spørsmålet om ei tilrådd norm som ei eiga sak. I høyringsbrevet peiker departementet med rette på at styret venta seg ei avklaring av normeringsfullmakter «jamvel om det berre var tale om eit frivillig tilbod som ikkje skulle markerast i ordbøker og ordlister». På den andre sida er forslaget til fullmakt på dette området formulert uavhengig av målform. Slik må det vere, for situasjonen for bokmål og nynorsk er så ulik at tiltak som kan vere aktuelle for nynorsk, ikkje vil vere det for bokmål.

I høyringsnotatet på s. 7 blir denne rettleiinga omtala like etter eit avsnitt som tek opp den rettleiinga som trengst om korleis ulike formval heng saman stilistisk i ein tekst. Dette er klart ei viktig rettleiingsoppgåve. Formuleringa i § 3 ser også ut til å kunna sameinast med ei sterkare rettleiing, som tilrår visse formval framfor andre, uavhengig av dei omtala konsekvenskrava – altså ei tilrådd trongare norm innanfor normalen.

Dette har både ei prinsipiell og ei pragmatisk side.

Det prinsipielle spørsmålet er om Språkrådet bør utforme slikt materiell. På dette punktet er fagrådet for normering og språkobservasjon delt. Bokmålsrepresentantane i fagrådet ynskjer ikkje å opne for eit slikt høve for bokmål, og dei meiner at formuleringa «som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene» ikkje utelukkar eit slikt høve sterkt nok.

Også styret er delt på dette punktet, som i 2011. Styrefleirtalet viser til den siterte argumentasjonen ovanfor i behandlinga av 2012-normalen. Dei to styremedlemmene som tok dissens i punkt 6 om ”tilrådd norm” då styret behandla saka, deler innvendingane frå fagrådet slik dei er uttrykte ovanfor, men vil presisere at ei sterkare rettleiing, som tilrår visse formval framfor andre, vil vere uheldig same kva målform det gjeld. I lengda vil det redusere språkrikdommen i både nynorsk og bokmål. Rettleiing om normklyngjer (t.d. å opplyse om at ei form som *hverken* i bokmål finst oftare saman med forma *boken* enn med forma *boka*, og

om at mange vil meine dei passar betre saman) er noko heilt anna enn å gje ut ei tilrådd norm utarbeidd av Språkrådet (som de facto vil innebere at det er ”meir tilrådeleg” å skrive *boken* enn *boka* i bokmål, eller omvendt). På same måte kan ei tilråding til statstilsette om at dei bør skrive *klar* på nynorsk i staden for *klår*, føre til at forma *klår* blir borte frå hovuddelen av dagens nynorske tekstproduksjon.

Det pragmatiske handlar om at det blir nødvendig å skilje klart mellom ein offisielt vedteken normal som er *bindande* for alle som skal følgje rettskrivingsnormalen, og *rådgevande* «informasjons- og rettleiingsmateriell». Språkrådet har stor autoritet i språkspørsmål, og råd frå Språkrådet blir raskt oppfatta som reglar. Difor blir det svært viktig å gjere dette skiljet klart for språkbrukarane, og å gjere det på ein tydeleg og konsekvent måte.

Språkrådet ber departementet vurdere om formuleringa «som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene» kan og bør presiserast. Vi gjer framlegg om eit tillegg som eit mogleg utgangspunkt for ei slik presisering, til dømes «som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene, og som vert tydeleg formidla som råd eller rettleiing utan å vere bindande for nokon».

Generelle skrivereglar

I § 3 første ledd står det:

«Språkrådet gir råd og rettleiing om generelle skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjera kva som er obligatorisk for korrekt språk.»

Det bør gå klarare fram at siste del av setninga også gjeld generelle skrivereglar. Fagrådet har peikt på at dersom siste del av denne setninga framleis gjeld generelle skrivereglar, kan ein spørje om nokon av desse reglane kan seiast å vere offisielt obligatoriske. I så fall kan formuleringa opne for ei tolking der Språkrådet sjølv skal kunne avgjere at slike reglar er offisielt obligatoriske. Dersom dette går inn på normeringsfullmaktene, burde det uttrykkjast tydelegare. Vi merker oss følgjande formulering på s. 6 i høyringsnotatet:

«Med tanke på det framtidige arbeidet med skrivereglar legg departementet til grunn at den viktigaste aktiviteten frå Språkrådet si side bør vera å gje råd og rettleiing på basis av eksisterande reglar. Vi reknar med at det i liten grad er behov for ei utvida skriveteknisk regulering i form av nye normeringsvedtak.»

Ut frå dette reknar vi ikkje med at formuleringa i § 3 første ledd av framlegget til nye vedtekter i høyringsnotatet er meint å innebere vesentlege endringar i normeringsfullmaktene til Språkrådet.

Fullmakter for andre språk enn norsk

I lys av at Språkrådet har fått eit utvida ansvars- og arbeidsområde som omfattar fleire språk i Noreg enn norsk, er det nyttig med ei presisering i § 3 av at dei fullmaktene Språkrådet skal ha i rettskrivingssaker, er avgrensa til rettskriving i norsk bokmål og nynorsk.

Språkrådet stiller gjerne all si erfaring og all sin kompetanse til rådvelde i arbeidet med å utvikle normering for andre språk enn norsk, særleg gjeld det nasjonale minoritetsspråk. Vi er derimot ikkje i dag klare for å ha egne fullmakter til å utføre slikt arbeid sjølve. Til det er kompetansen vår enno for avgrensa. Det er også

viktig at den instansen som står for slikt arbeid, har den nødvendige kulturelle legitimiteten i dei aktuelle miljøa. Her er det mange omsyn å ta, men spørsmålet kan gjerne drøftast på nytt om ei tid.

Dersom departementet ikkje ynskjer å gje Språkrådet normeringsfullmakter for andre språk enn norsk, kan det klargjerast ved å utvide overskrifta for § 3 til ”Særskilde fullmakter for rettskriving i bokmål og nynorsk”.

Styresamansetjing

I ein ny § 4 vil Språkrådet vise til eit potensielt problem i at styret, som skal gjere normeringsvedtak etter forslag frå fagrådet for normering og språkobservasjon, ikkje har det same strenge kravet til balanse mellom målformene som det fagrådet har. Styret har ansvar for heilskapen, og styret både er og må vere innstilt på å ta stilling til spørsmål på tvers av skiljet mellom bokmål og nynorsk.

Men styret har fått ynske frå dei tilsette i Språkrådet om at det bør vere to styremedlemmer valde blant dei tilsette, éin for kvar målform. I tillegg til omsynet til balanse mellom målformene er ynsket grunngjeve med at talet på styremedlemmer og fagleg tilsette i sekretariatet har auka sidan dagens vedtekter vart fastsette, utan at representasjonen av dei tilsette i styret er styrkt. Dei tilsette har såleis gjeve uttrykk for eit ynske om at at styret blir utvida med ein styremedlem vald blant dei tilsette, slik at styret får éin fast tilsettrepresentant for kvar målform. Styret tykkjer ikkje det er rett å ta stilling til si eiga samansetjing, men formidlar dette ynsket til departementet.

Fagrådet

I ein ny § 5 sjuande ledd er Språkrådet nøgd med framlegget til avgjerd som handlar om samansetjinga av og oppgåvene til fagrådet for normering og språkobservasjon.

Oppnemningsperioden for fagråda på fire år er i tråd med det fagråda sjølve har uttrykt ynske om tidlegare. Men det bør sikrast at oppnemninga av halvparten av fagrådsmedlemmene kan gjerast rullerande annakvart år for å sikre kontinuitet i arbeidet.

Vi ser fram til ei rask avgjerd etter at høyringsrunden er avslutta, og til å føre arbeidet i Språkrådet vidare innanfor dei rammene som då blir gjeldande.

Med vennleg helsing

Ottar Grepstad
styreleiar

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør